

Se mottakertabell

Dykkar referanse	Vår referanse	Vår sakshandsamar	Vår dato
16/1927-	14/00824-66	Jacob Kjøde, jk@hivolda.no	14.06.2016

Svar frå styret ved Høgskulen i Volda på invitasjon til å gi innspel til stortingsmelding om kvalitet i høgre utdanning

Styret for Høgskulen i Volda vedtok samrøystes på møte 100616 i Sak 53/16 følgjande svar til Kunnskapsdepartementet:

1 Dei viktigaste utfordringane for å fremje høgre kvalitet i utdanningane

HVO sluttar stort sett til dei 5 faktorane som er nemnde i brevet: 1) høge ambisjonar på vegner av studentane, 2) tilby aktiviserande og varierte undervisningsformer, 3) skape kvalitetskultur og tydeleg utdaningsleiing, 4) integrere studentane i det akademiske fellesskapet, 5) sikre samspel med arbeidslivet.

Men sjølv om dei fem faktorane som kunnskapsministeren identifiserer, inneheld viktige kunnskapspolitiske mål, saknar HVO eit overordna danningperspektiv. Dei akademiske tradisjonane knytte til grunnleggande humanistisk tenking og refleksjon, kjem lett i bakgrunnen når ein går rett inn i meir kortsiktig nytteperspektiv- og konkurransetenking. Like viktig som å toppe ulike rankinglister kan det vere å legge grunnlag for vitskapleg refleksjon, kritisk tenking og fagleg forståing. Dei samfunnsøkonomiske sidene ved forskning og utdanning er godt synleggjort i dei fem punkta. Ein annan dimensjon ved utdanning er at det handlar om verdien utdanning har for den enkelte student – for utvikling av evner og for sjølvrealisering. Høgskulen i Volda har ein fagleg profil knytt til human- og samfunnsvitskapane, og ein del kvalitetar ved desse vitskapstradisjonane er lite synlege i dei fem punkta.

Vi saknar òg to andre viktige dimensjonar. For det første er profesjonsutdanningane og deira viktige rolle lite synleg i dei fem punkta. Forsking og utvikling innan velferdsstatens profesjonar er avgjerande viktig for sentrale funksjonar både på kort og lengre sikt. Høgskulen i Volda tilbyr fleire slike utdanningar – t.d. sosialarbeidarutdanning, barnevernsutdanning, lærarutdanningar, barnehagelærarutdanning og medieutdanning. Kvalitetane knytt til profesjonsutdanningane kunne kome tydelegare fram i dei fem punkta som foreløpig er formulerte. Her vil vi framheve at profesjonsidentitet blir stadig viktigare.

For det andre saknar vi refleksjonar kring den lokale og regionale funksjonen til høgare utdanningsinstitusjonar. Uavhengig av strukturen i UH-sektoren er det avgjerande viktig for regionane

at den materielle og immaterielle infrastrukturen sektoren representerer, blir oppretthalden også i framtida. Nettverket av universitet og høgskular har spelt og spelar ei avgjerande rolle for velferdsstaten slik han er i dag, og desse kvalitetane bør vi òg bringe vidare til framtidas velferdssamfunn. Styret ved HVO vil framheve at høgskulane har ei svært viktig regional rolle og at samarbeidet med arbeidslivet er ein vesentleg kvalitetsindikator.

2 Korleis følgje opp at fagmiljøa har høge ambisjonar på vegner av studentane

Her er det gjort mykje for å støtte opp om at fagmiljøa har høge ambisjonar på vegner av studentane. Som døme på dette nemner vi: Forprosjektstøtte til utvikling av eit internt senter for nettformidling/nettjournalistikk, støtte til å skrive søknad om SFU (Senter for framifrå utdanning), støtte til å utarbeide ein internasjonal master innan mediefaga, krav om obligatorisk frammøte på mange utdanningar, arbeidskrav gjennom heile studiet som grunnlag for å gå opp til eksamen. Styret og leiinga legg stor vekt på internt studiekvalitetsarbeid.

Samtidig krev kvalitetsomgrepet ein diversitet knytt til ulike typar utdanningar. For grunnutdanningar generelt, og profesjonsutdanningar spesielt, kan faktorar som obligatorisk undervisning, intensitet i studieopplegget og tett oppfølging vere viktig. Når det gjeld vidareutdanningar av lærarar, der Høgskulen i Volda er ein betydeleg aktør, er det vår erfaring at studiekvalitet er knytt meir til fleksibilitet, kombinert med tett oppfølging og høg relevans. Kvalitetsomgrepet er såleis ikkje alltid eintydig, men må sjåast i samanheng med den typen utdanning kvaliteten skal knytast til.

3 Kva kan institusjonane gjere på eiga hand for å styrke utdanninga? Korleis fremje kvalitet gjennom internasjonal samarbeid, integrere utdanning betre i det internasjonale samarbeidet?

Svaret her heng tett saman med punkt 2. Låg strykprosent og god gjennomstrøyming på HVO meiner vi heng saman med tett oppfølging av studentane og differensiering av undervisninga i små fagmiljø med stor grad av praktisk aktivitet og tydelege arbeidskrav. Auka grad av studentmedverknad er eit uttalt mål i fleire fagmiljø. Dette kan gjere at ein satsar på meir studentaktive læringsformer.

Av andre tiltak nemner vi årleg melding om utdanningskvalitet, kvalitetspris, kurs i høgskulepedagogikk.

HVO ligg langt framme på digitale undervisningsformer. Her har styret prioritert midlar både til kompetanseoppbygging og til utstyr. Vi har etablert ei eiga organisatorisk eining som støttar og stimulerer teknologisk og didaktisk utvikling av studieportefølje.

Når det gjeld internasjonalisering vil trekke fram nøyve vurdering og kvalitetssikring av samarbeidspartnarar. Eit aktivt, kompetent internasjonalt kontor og god dialog med fagavdelingane når det gjeld til dømes Erasmus-stipend til lærarar, studentutveksling og administrativ hjelp med utvikling av dobbeltgrader med utanlandske institusjonar er viktige suksessfaktorar.

4 Viktigaste strategiske grep for å sikre god relevans som førebur studentane på eit arbeidsliv i kontinuerleg endring

For profesjonsutdanningane er det avgjerande viktig at forskning og kunnskapsutvikling skjer i tett samarbeid med arbeidslivet utdanningane kvalifiserer for. Lærar- og sosialarbeidarutdanningane i Volda har ein sterk tradisjon for profesjonsretta forskning- og utviklingsarbeid knytt til desse profesjonsutdanningane. Medieutdanningane kan òg nemnast som døme på program der det er fleire

interne praksisperiodar med simulering/ekte publisering som skal ligge så tett som mogleg opp til arbeidslivet og bransjen.

Men satsing på ein solid akademisk grunnmur der ein legg vekt på eit variert og utvida kunnskapsomgrep, er også ein nøkkel til omstillingsevne i framtida. Tidleg spesialisering og einseitig fokus på einskildfag kan gjere det vanskeleg å møte krav om evne til rask omstilling.

5 Viktigaste tiltak for å auke gjennomføring og redusere fråfall

Tett oppfølging av kvar enkelt student er det beste verkemiddelet til betre gjennomføring og redusert fråfall. Vi viser også til svar under punkt 2.

HVO meiner at mykje tyder på at dette finn studentane mest av i relativt små studiemiljø der fagmiljø og leiing er tilgjengeleg og har opne dører.

Vi blir stilt overfor ei utfordring i eit samfunn der høgare utdanning er blitt tilgjengeleg for breie grupper av folket, og der vi skal ha høge ambisjonar på vegner av studentane. Er det realistisk å stille høge krav når utdanning er eit gode som av andre omsyn er viktig å tilby flest mogleg?

Studentgruppene er samansette av folk i svært ulike livssituasjonar. Det krev ei anna tilnærming enn berre produksjonslogikk å skape kvalitet for slike grupper.

6 Kva tiltak nyttar institusjonen for å styrke undervisningskompetansen til (fag)tilsette

Satsing på høgskulepedagogikk for dei tilsette har vore eit viktig tiltak ved HVO, i tillegg til ordninga med premiering av formidlingsaktivitet som utviklingsarbeid ved institusjonen. Krav om praktisk-pedagogisk utdanning ved tilsetjing kan også vere eit viktig tiltak. Som ein del av arbeidet med å styrke undervisningskompetansen har HVO lagt til rette for førstelektor/dosent-løyper

God undervisning er avhengig av forskning og HVO satsar tungt på utviklinga av forskingskompetansen til dei tilsette, t.d. gjennom professorstipend, forskingsstipend og FoU-tid, osv.

7 Døme på utdanningstilbod med særleg god kvalitet eller gode resultat – kvifor? Også døme på tilbod der det er avdekkja sviktande kvalitet, men der ein har lukkast med å løfte kvaliteten

Her vil vi trekke fram bachelor i journalistikk. Programmet har svært gode resultat i studiebarometeret, veldig høg gjennomføring, ypparlege tilbakemeldingar frå bransjen og eit svært godt rykte nasjonalt. Vi trur at det er den omfattande satsinga på praksis gjennom studiet, der studentane lærer gjennom eigenaktivitet, som er nøkkelen til desse gode resultatata. Dette er også noko studentane sjølve poengterer når dei evaluerer programmet.

Punkta 8-10 blir svart på under eitt

8 Viktigaste utfordringane nasjonalt for å løfte kvaliteten i norsk høgare utdanning

9 Synspunkt på korleis departementet si styring og verkemiddel kan utviklast for å stimulere til kvalitet

10 Behov for å justeringar i nasjonale rammevilkår, lover, forskrifter for å leggje til rette for kvalitetsutvikling i høgare utdanning

Det å sterkare kople forskning og undervisning er eit stor utfordring. Det er ikkje alltid at denne koplinga er god nok. Forsking blir til ein avgrensa aktivitet som studentane verken er med på eller i stor nok grad får hauste fruktene av.

Det er også ei viktig utfordring nasjonalt å sikre grunn- og profesjonsutdanningar fordelt rundt om i landet med sikte på å oppretthalde bu- og arbeidsmarknadsregionane.

HVO meiner at ei av utfordringane er måten Kunnskapsdepartementet styrer på innafor ulike utdanningar. Lærarutdanninga er eit godt døme på at ønsket om forbetring og styringsvilje kan komme i konflikt med lokal kvalitetsutvikling. Grunnskulelærarreform i 2017 representerer den sjuande reforma sidan lærarutdanninga vart ei høgskuleutdanning i 1973. Dei sju reformene fordelt over 43 år tilseier at ei gjennomsnittleg reform i lærarutdanninga får leve ca. seks år. Endringane, særleg etter tusenårsskiftet, representerer ei aukande tilpassing og standardisering av utdanninga til internasjonale trendar og standardar.

Det blir vanskeleg å arbeide med kvaliteten i t.d. lærarutdanningane når ein heile tida gjer vesentlege endringar. Vi ønskjer meir tid til å gjennomføre reformer, mindre detaljert styring av lærarutdanningane. Det er ei utbreidd haldning på HVO at det akademiske fellesskapet er svekka. Derfor er det viktig å gjenreise fagfolka sin autonomi. Autonomi er identitetsskapande og fremjar kvalitet.

Det er også viktig med ein ny gjennomgang av departementets styring og verkemiddel, særleg med omsyn til finansieringskategoriar. For oss er det problematisk at ein ikkje tek nok omsyn til meirkostnader i dei utstyrskevjangande utdanningane.

Med helsing

Jacob Kjøde
høgskuledirektør

Mottakar	Kontaktperson	Adresse	Post
Kunnskapsdepartementet		Postboks 8119 Dep	0032 OSLO
Kunnskapsdepartementet	Anett Holmen	Postboks 8119 Dep	0032 OSLO